

1. Kulturtilskot - generelt - formålet med tilskotsordninga

Denne tilskotsordninga gjeld alle former for kulturtiltak i Øygarden kommune.

2. Kva slags kulturtiltak kan ein søkja på ?**Tilskot til kulturtiltak**

Det kan søkjast om tilskot til arrangement innan musikk, idrett, friluftsliv, inkludering – vansklegstilte, rusførebygging, festivalar, aktivitetsdagar, konsertar, m.m. som ikkje er profittbasert.

MERK : det vert ikkje gjeve tilskot til arrangement som serverar alkoholhaldig drikke.

Tilskot til spesielle tiltak

Dette tilskot kan gjevast til tiltak som fell utanfor dei andre tilskotsordningane, ofte utradisjonelle og prosjektbaserte aktivitetar.

3. Midlar til disposisjon

På bakgrunn i vedteke budsjett for kommande år vert det sett av midlar til kulturtiltak i januar kvart år.

Godkjend kostnad pr. søknad er avgrensa oppover til kr 20.000,- pr. søknad for dei som berre søker Øygarden kommune.

Viss du søker andre; fylket/privat næringsliv/stiftelsar (bruk tilskotsportalen) vil Øygarden kommune stille med tilsvarende sum. Maksbeløp kommunen kan stille med er kr. 40.000,- Søknadene du har sendt må leggjast ved som kopi i søknaden til Øygarden kommune.

4. Utbetaling av tilskot :

Som regel gjeld at det ikkje vert utbetalt tilskot før søkjar legg fram rekneskap for søknaden. I einkilde høve kan utbetaling føretas, men det skal alltid føreligge rapport på bruk av midlane. Søkjarar som ikkje oppfyller dette kravet får ikkje høve til å søkja på nye kulturtiltak.

5. Kven kan søkja ?

Grupper/ organisasjonar som skal skape aktivitet i Øygarden kommune kan søkja.

7. Søknadsfrist

08. mai

8. Korleis søkja?

Alle søknadar skal vera elektronisk sendt via kommunen si heimeside (sjølvbeteningsportalen). Kommunen skal handsama alle søknadar i høve til lover, regelverk og vedteke budsjett.

9. Anna informasjon knytt til retningsliner for kulturtiltak

I tillegg til økonomiske tilskotsordningar kan Kulturkontoret i einkilde høve også yte anna bistand, praktisk eller ved formidling.

Mindre tilskot vert handsama som delegert sak administrativt med kort behandlingstid jmf pkt. 3

Større tilskot vert handsama av Utvalg for levekår i forhold til fristane for søknad.

Kommunens forventningar til søkjar / rapportering

At alle relevante opplysningar blir gitt i søknaden eller på førespurnad.

Tiltak som får kr. 10 000,- eller meir skal rapportera på bruk av midlane.

Saksbehandlingstid

Normalt innafor 2 veker, for søknader under kr. 5000,-

Søknader over kr. 5000,- skal handsamast i utval for levekår i første møte etter søknadsfristen.

Lovgrunnlag/retningsliner

Det er utarbeida elektroniske skjema som ein finn på www.oygarden.kommune.no

Klage på vedtak

Handsaminga vil ende i eit enkeltvedtak, og kan derfor påklagast jfr. forvaltningslova.

For mer informasjon kontakt kulturkontoret.